



Saksbehandlar: Endre Høgalmen, Næringsavdelinga  
Sak nr.: 15/11979-2

### **Lutelandet Utvikling - styrekandidatar**

**...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

### **Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere følgjande vedtak:**

Det vert valt nye styremedlemar i Lutelandet Utvikling as når dei nye vedtektna er vedteke. Inntil vidare vil dagens styremedlemer frå fylkeskommunen halde fram.

**...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen har to medlemer i styret til Lutelandet Utvikling AS. Hafs Utvikling AS er no etablert, og dette selskapet er heileigd av Lutelandet Utvikling AS. Lutelandet Utvikling AS vil overta mykje av det utviklingsarbeidet som har lege til Lutelandet Utvikling AS, og verksemda i morselskapet Lutelandet Utvikling AS vert tilsvارande redusert. Som ei følge av dette er det i arbeidet med reviderte vedtekter lagt opp til eit mindre styre i Lutelandet Utvikling AS. Dei nye vedtektna er ikkje vedteke enno.

### **2. Saksopplysningar**

Reviderte vedtekter skulle etter planen ha vorte vedteke i ordinær generalforsamling i juni. Det er no varsla eit nytt styremøte, der revisjon av vedtekter vil stå på dagsorden. Styret sitt forslag vil deretter bli lagt fram til godkjenning i ekstraordinær generalforsamling.

### **3. Vurderingar**

Det ligg an til ei nær føreståande vedtektsendring, der styrestruktur vil vere blant dei sentrale tema. Det er difor tenleg å halde fram med eksisterande styrerrepresentasjon frå fylkeskommunen, inntil ny struktur er avklart. Dei som representerer fylkeskommunen i styret i dag er Karen Marie Hjelmeseter og Audun Erik Sunde.

#### **4. Konklusjon**

Det vert valt nye styremedlemar i Lutelandet Utvikling AS når dei nye vedtektna er vedtekne.  
Inntil vidare vil dagens styremedlemer frå fylkeskommunen halde fram.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑